

Arbeid, kropp og kamp. Norsk arbeidarprosa

NOLI252/322/KVIK203

Førelasar: Ingrid Nestås Mathisen

Tid: måndag 14 - 17

Orienteringsmøte: torsdag 14.08

Kursomtale

I dette kurset vil me jobba med ei rekkje problemstillingar som knyter seg til arbeidarens plass i norsk litteratur. Kva er ein arbeidar? Kven skildrar arbeidaren? Korleis har det vorte fortalt om arbeidaren? Kva kroppsideal gjer seg gjeldande i arbeidarlitteraturen? Kva tyding har kroppen for arbeidaridentiteten? Me vil jobba med problemstillingar som knyter seg til korleis ein definerer, omtalar og (ut)definerer sosiale grupper, litteratur og forfattarar. Kva oppnår ein, og kva er omkostningane, med å definera noko som arbeidarlitteratur? Ein tilsvarande diskusjon finst knytt til termen "kvinnelitteratur", og i kurset vil ein sjå at tenking knytt til kjønn og klasse har mange parallellar. Felles for (mykje av) arbeidarlitteraturen er at den skildrar, kommenterer og tematiserer politiske og ideologiske spørsmål som rammar klassen generelt og arbeidaren spesielt. Det vil vera interessant å sjå på parallellar mellom framveksten av ei arbeidarrørsla og ei kvinnesaksrørsla i denne perioden, og me vil sjå nærare på kva verdi kroppen vert gitt og korleis tilhøvet mellom kropp, arbeid og identitet vert utforska litterært. Skjønnlitteraturen på kurset tek på ulikt vis opp spørsmål knytt til arbeidarens situasjon og arbeidarklassens konflikter og tematikkar, og er sett saman av romanar og noveller frå perioden 1891 – 1940 av kjende forfattarar som Per Sivle, Sigrid Undset, Kristofer Uppdal, Nini Roll Anker og Cora Sandel og meir ukjende forfattarar som til dømes Karen Sundt, Ragnhild Jølsen og Nils Johan Rud. I tillegg vert to samtidige arbeidartekstar av høvesvis Kristian Lundberg og Tina Åmodt å finna på pensum, slik at me også kan studera dagens arbeidarlitteratur versus den historiske eller klassiske arbeidarlitteraturen.

--

1. 18.08. Kva er arbeidarlitteratur? Kristian Lundberg, *Yarden* (2010)

Er arbeidarlitteratur fyrst og fremst tekstar *av, om og for* arbeidarklassen? Me vil diskutera moglege utfordringar ved tradisjonens forsøk på, og ynskje om, å definera arbeidarlitteratur.

Maguns Nilsson – (kap 1 & 3 i *Arbetarlitteratur*)

Jostein Gripsrud, innleiing i *Prolesi*

Ib Bondebjerg & Anker Gemzøe: Arbejderlitteratur – proletarisk litteratur – socialistisk litteratur. i *Kultur og Klasse* nr 42

Olav Dalgard: Norsk arbeidarlitteratur fram til 1940

Waldemar Carlsen: Proletarforfattere og proletarlitteratur (1912)

Ivar Lo-Johansson, utdrag frå *Till en författare*. (1988).

2. 25.08. Arbeidarkamp. Per Sivle, *Streik* (1891)

Sivles *Streik* vert kalla den fyrste norske arbeidarromanen. Me vil i denne forelesinga diskutera tilhøvet mellom litteratur og samfunn. Er arbeidarlitteratur programlitteratur eller kamplitteratur? Kan/bør/må kunst vera politisk? Kva politisk potensiale finst i (arbeidar)litteratur? Finst det i dag ei uvilje til å snakka om klasse? Og kva oppnår ein med å innføra klasse som omgrep i feministisk teori og kulturteori, igjen?

Magnus Nilsson, kap 6

Hans Heiberg: Arbeiderbevegelsen og litteraturen

Lars Furuland, Litteratur og samhälle

Beverley Skeggs, *Att bli respektabel. Konstruktioner av klass och kön.* (119-155)

bell hooks, *Where we stand: Class matters.* (1-37, 80-110, 142-164)

3. 01.09 Sjanger, kvalitet og vurdering, Karen Sundt, *Arbeiderliv* (1900)

I dette kurset les me litterære framstillingar av både kvinnelege og mannlege arbeidrar, skrive av både kvinnelege og mannlege forfattar. I denne førelesinga vil fokuset vera retta mot verdsetting av kunst som kan synast å skje på "sida av" kvalitetsvurderinga. Har val av litterært motiv/tema, sjanger eller forfattarens kjønn noko å seia for vurdering og omdøme?

Anne Birgitte Rønning: Kunst, kjønn og estetisk vurdering.

Beth Juncker: "Kvindekamp, klassekamp og puritanisme. En analyse a Karen Sundts kolportageroman "Arbeiderliv"

Magnus Nilsson, kap 4. & 7

4. 08.09 Arbeidarklassekvinna i litteraturen Kortprosa

I denne forelesinga vil me diskutera tilhøvet mellom form og sjanger. Me vil også vidareføra diskusjonen om kvalitet og vurdering frå førre forelesing.

Steinar Gimnes, Nyrealisme er nærrealisme kortprosa 1900-1940 i *Norsk kvinnelitteraturhistorie. Bind 2 1900-1945.*

Astrid Lorenz, "Nini Roll Anker og arbeiderkvinnene i novellesamlingen *Lil-Anna og Andre*"

Noveller av mellom andre Nini Roll Anker, Ragnhild Jølsen, Cora Sandel og Sigrid Undset vert tilgjengeleg.

5. 15.09 Blikket på den verskame kroppen Nini Roll Anker, *Den som henger i en tråd* (1935)

Den arbeidande kroppen og arbeidarens kropp kan seiast å verta estetisert i arbeidarlitteraturen. Nini Roll Ankers fabrikkroman *Den som henger i en tråd* problematiserer nettopp blikkets kraft.

Simone deBeauvoir, Innledning og Den uavhengige kvinnen i *Det annet kjønn*.

Toril Moi: Hva er en kvinne? (utdrag)

Jorunn Solheim, *Kjønn og modernitet*

Synnøve Vigeland: Sjølrealisering eller klassesolidaritet? Karnas valg i den som henger i en tråd?

6. 22.09 Kroppsideal i arbeidarkunst Kristofer Uppdal: *Trolldom i lufta* (1922)

Me vil lesa bind to i Uppdals romansyklus *Dansen gjennom skuggeheimen*, med ei særleg interesse for produksjon av arbeidaridentitet og arbeidarmaskulinitet. Kroppsideala i denne arbeidarskildringa gjer det også nærliggande å sjå på parallelar til kroppsdyrkinga og kroppsideala ein finn i vitalistisk kunst og litteratur.

Eirik Vassenden: Levedyktig? Livskraft som episk sorteringskriterium.

Bernt Kristian Holtan: Kvinneportrett i dansen gjennom skuggeheimen Uppdal *Trolldom i lufta*

7. 29.09 Arbeidermagasinets kortprosa

«Arbeidermagasinet var tenkt som et underholdningsblad for arbeidsfolk», skriv litteraturforskar Irene Iversen. I denne forelesinga ser me på nokre av eksempla som stod på trykk i magasinet mellom 1931 og 1940.

Irene Iversens etterord i *Noveller fra Arbeidermagasinet*

Stig-Audun Hansen, Nils Johan Rud. En gartner i Arbeidermagasinets kjøkkenhage.

Noveller frå arbeidermagasinet vert tilgjengeleg

8. 13.10 Arbeidarlitteratur i vår samtid Tina Åmodt, *Anleggsprosa* (2010)

Kva er arbeidarlitteraturens status i dag? Vert det skrive, lest og forska på arbeidarlitteatur i dag? Me vil sjå på omgrepet arbeidarlitteratur i lys av vår samtidslitteratur.

Aktuelle kronikkar og bokmeldingar vert tilgjengelege.

Pensum:

- Bondebjerg, Ib & Gemzøe, Anker (1982) Arbejderlitteratur – proletarisk litteratur – socialistisk litteratur. i *Kultur og Klasse* nr 42, s 5 – 11 6 s.
- deBeauvoir, Simone [1947] (2000) *Det annet kjønn*. Utdrag. (7-48, 779-811) 73 s.
- Carlsen, Waldemar: (1912) Proletarforfattere og proletarlitteratur i *Prolesi*. Jostein Grisprud (red). 2 s.
- Dalgard, Olav. (1980) Norsk arbeidarlitteratur fram til 1940, i *Arbeidaren og diktningen*. Petter Larsen og Kjell Sandvik (red). (side 32-57) 25 s.
- Furuland, Lars. (2012) Litteratur og samhälle. I *Litteratursociologi. Texter om litteratur och samhälle*. Johan Svedjedal (red). (s 15- 50) 35 s.
- Gimnes, Steinar.(1989) Nyrealisme er nærrealisme kortprosa 1900-1940 i *Norsk kvinnelitteraturhistorie. Bind 2 1900-1945*. (40 – 49) 9 s.
- Gripsrud, Jostein (1983) *Prolesi. Norsk arbeiderlitteratur frå 1890-1940*, (s 3-16) 13 s.
- Hansen, Stig-Audun (2006) Nils Johan Rud. En gartner i Arbeidermagasinets kjøkkenhage. I *Arbeiderhistorie. Årbok for arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*. (185-203) 18 s.
- Heiberg, Hans. (1980) Arbeiderbevegelsen og litteraturen. I *Arbeidaren og diktningen*. Petter Larsen og Kjell Sandvik (red). (side 9-25) 17 s.
- Holtan, Bernt Kristian (1971), Kvinneportrett i dansen gjennom skuggeheimen, i : *Norsk litterær årbok*. S. 21-43 22 s.
- hooks, bell (2000) *where we stand: class matters*. Routledge. New York (1-37, 80-110, 142-164) 89 s.
- Iversen, Irene. (1974) Etterord. I *Noveller fra Arbeidermagasinet* (177-182) 5 s.
- Juncker, Beth (1982) "Kvindekamp, klassekamp og puritanisme. En analyse av Karen Sundts kolportageroma "Arbeiderliv" i *Kultur og klasse 42*, s 70-112 42 s.
- Larsen, Petter (1980) En roman om arbeiderkvinnen. I *Arbeidaren og diktningen*. Petter Larsen og Kjell Sandvik (red)(81 -86) 5 s.
- Lo- Johansson, Ivar (1988). *Till en författare*. (5-23, 44-54) 28 s.
- Lorenz, Astrid (1981) "Nini Roll Anker og arbeiderkvinnene i novellesamlingen *Lil-Anna og Andre*" i *Arbeiderklassekvinner i litteraturen*. S 70 -85 15 s.
- Nilsson, Magnus 2006. *Arbetarlitteratur*. Studentlitteratur. 184 s.

| | |
|---|-------|
| Moi, Toril 1998. "Kroppen er en situasjon": Simone de Beauvoir. I: <i>Hva er en kvinne?</i> s 91-121 | 30 s. |
| Rud, Nils Johan (1980) Fra Magasinets tid. I <i>Arbeidaren og diktningen</i> . Petter Larsen og Kjell Sandvik (red)(90-95) | 5 s. |
| Rønning, Anne Birgitte (2012) Kunst, kjønn og estetisk vurdering. I <i>Tidsskrift for kjønnsforskning</i> 1/2012 s 3-17. | 14 s. |
| Skeggs, Beverley (1999) <i>Att bli respektabel. Konstruktioner av klass och kön.</i> (119-155) | 36 s. |
| Solheim, Jorunn. (2007) <i>Kjønn og modernitet</i> . Pax forlag. Oslo (7-40, 67-85) | 54 s. |
| Synnøve Vigeland (1983) Sjølrealisering eller klassesolidaritet? Karnas valg i den som henger i en tråd? I: Hvem eier drømmen din? Artikler om kvinnebevissthet og sosial forandring i nyere litteratur. S. 55-73 | 18 s. |
| Vassenden, Eirik (2012) Levedyktig? Livskraft som episk sorteringskriterium. I: <i>Norsk vitalisme. Litteratur, ideologi og livsdyrking</i> . S. 251 – 270 | 19. s |

Skjønnlitteratur:

| | |
|--|--------|
| Nini Roll Anker, <i>Den som henger i en tråd</i> (1935.) tilgjengeleg digitalt (249) | 63 s. |
| Kristian Lundberg, <i>Yarden</i> (2010) (144s.) | 36 s. |
| Per Sivle, <i>Streik</i> (1891) (121s) | 30 s. |
| Karen Sundt, <i>Arbeiderliv</i> (1900) tilgjengeleg Digitalt (427) | 106 s. |
| Kristofer Uppdal, <i>Trolldom i lufta</i> (1922) (225) | 56 s. |
| Åmodt, Tina (2010) (83s) | 21 s. |
| Korprosa, vert tilgjengeleg | _____ |

Skjønnlitteraturen, Magnus Nilssons *Arbetarlitteratur* og Jorunn Solheims *Kjønn og modernitet* vil vera til sals på Studia ved semesterstart. Alle andre tekstar vil vera tilgjengelege i kompendium som også vil vera til sals på Studia ved semesterstar.